

Ullensvang kommune

► Trafikktryggleiksplan 2022-2033

Oppdragsnr.: 52102615 Dokumentnr.: 01 Versjon: 03 Dato: 2025-12-18



Oppdragsgjevar: Ullensvang kommune
Oppdragsgjevars kontaktperson: John Ove Rørnes, Frank Aleksander Høyland (sluttfase)
Rådgjevar Norconsult AS, Valkendorfsgate 6, NO-5012 Bergen
Oppdragsleiar: Ingvild Hernes Lunde
Fagansvarleg: Mats Korneliussen
Andre nøkkelpersonar: Artur Ribeiro

03	2025-12-18	Vedteken plan	Ingvild Hernes Lunde	Line Elvøy	Ingvild Hernes Lunde
02	2025-10-14	Endeleg utgåve	Ingvild Hernes Lunde	Isak Helvik Forsdahl	Ingvild Hernes Lunde
01	2022-06-13	Høyringsutkast	Mats Korneliussen	Ingvild Hernes Lunde	Mats Korneliussen
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

1 Forord

Kommuneplanen for trafikktryggleik – Livsviktig.

Vi arbeider for å gjera vegnettet tryggare for alle trafikantar. Då er planen for trafikktryggleik eit avgjerande plandokument, som skal staka ut kursen for at tryggleiken for alle vegfarande vert sikra best mogleg. God planlegging skal trygga både mjuke og andre trafikkantar. Såleis kan ein sei at denne planen er livsviktig!

Den skal vere eit godt verktøy for å realisera konkrete tiltak. Trafikken har blitt tryggare dei siste tiåra og vi skal ha ein nullvisjon. Talet på drepne og skada i trafikken har gått kraftig ned. Nye tekniske løysingar og auka fokus skal bidra til enno betre statistikkar. Då treng vi gode, gjennomtenkte planar som gjer det lett å setja rette tiltak ut i livet frametter.

Vi skal i fellesskap betra tilhøva for å unngå farlege situasjonar i trafikkbiletet.

Vi vil sikra at planen vert best mogleg og at tiltaka i planen gjer kvardagen tryggare.

Planen vart vedteken av kommunestyret 12.11.2025.



Roald Aga Haug

Ordførar

Ullensvang kommune

Innhold

1	Forord	3
2	Vurdering av måloppnåing	6
3	Planprosess	7
4	Presentasjon av kommunen	8
4.1	Skuleskyss	10
4.2	Trafikale utfordringar i kommunen	11
5	Nasjonale og regionale føringar for trafikktryggingsarbeidet	13
5.1	Nasjonal transportplan	13
5.2	Barnas transportplan	13
5.3	Regional transportplan – Vestland	13
5.4	Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit 2022-2025	14
5.5	Kommuneplan: Samfunnsdel 2020 – 2032	14
5.6	Kommunal trafikktryggleiksplan	14
6	Organisering av trafikktryggingsarbeidet	15
6.1	Ullensvang kommune	15
6.2	Statens vegvesen	15
6.3	Vestland fylkeskommune	15
6.4	Politi	16
6.5	Trygg Trafikk	16
6.6	Andre viktige aktørar	16
7	Uluksesanalyse	17
7.1	Datagrunnlag	17
7.2	Registrerte trafikkulukker 2011 – 2020	17
7.3	Oppsummering av trafikkanalyse	27
7.4	Naturfare	28
8	Visjon og målsetjing	30
8.1	Visjon	30
8.2	Satsingsområde	30
8.3	Mål og strategiar	30
9	Trafikktryggingstiltak	32
9.1	Åtferd og haldningstiltak	32
9.2	Universell utforming	33
9.3	Fartsgrensekriterier	34
9.4	Trafikkopplæring i skule og barnehage	34
9.5	Fysiske trafikktryggingstiltak	35


9.5.1	<i>Kommunalveg - strakstiltak</i>	37
9.5.2	<i>Kommunal veg - langsiktig tiltak</i>	42
9.5.3	<i>Fylkesveg – strakstiltak</i>	43
9.5.4	<i>Fylkesveg - langsiktig tiltak</i>	45
9.5.5	<i>Riks- og europaveg – strakstiltak</i>	46
9.5.6	<i>Riks- og europaveg - langsiktig tiltak</i>	47
9.5.7	<i>Sjøvstendig punkt, langsiktig og kortsiktig</i>	48
9.6	Registrerte tiltak i Kvinnherad	48
9.7	Kostnader av trafikksikringstiltak	49
9.8	Kart	50
10	Evalueringsskjema	66

2 Vurdering av måloppnåing

Det har synt seg vanskeleg å få ein god oversikt på alle trafikktryggleikstiltak som er gjennomført i dei tre gamle kommunane. Det vert i denne planen lista opp ein del av tiltaka som er gjennomført. Opplegg for vidare arbeid vert at det skal lagast til ein årleg oversikt på gjennomførte tiltak som skal politisk handsamast. Då får kommunestyret oversikt på kva som er gjennomført siste året. Det vil også synleggjera om det er løyvd nok midlar til trafikktryggleiksarbeidet.

- Reduksjon av fartsgrensa i bustadfelt.
- Etablering av fartsdumpar
- 30 Km/t ved skulane
- Sikring av vegane med rekkverk.
- Kartlegging av skulevegane, grunnlag for utbetring og vurdering av skuleskys.

Dersom ein samanliknar perioden 2011 – 2015 og 2016 – 2020 har det vore ein auke i talet på politiregistrerte trafikkulukker frå 76 til 83. Dette tilsvara ein auke på over 9 %. Det er registrert tre drepne i trafikkulukker i perioden 2011-2015 mot éin i 2016-2020. Talet på hardt skadde er lik for begge periodane med 17 hardt skadde. Det har vore ein nedgang i talet på lettare skadde frå 80 til 77 – som tilsvarar ein reduksjon på nesten 4 %.



Figur 1: Samanlikning av tal for ulykker og drepne og hardt skadd for periodane 2011-2015 og 2016-2020.

Det er uheldig med tanke på trafikktryggleiken at det har vore ein auke i talet på ulykker den siste femårs perioden. Sjølv om dette ikkje har gjeve noko negativt utslag i talet på drepne og skadde, er dette kanskje berre ein tilfeldigheit. Det må difor vere fokus i den reviderte trafikktryggleiksplanen på å redusere talet på trafikkulukker og ytterlegare redusere særleg talet på hardt skadde og lettare skadde. Det bør vidare vere som mål om at det ikkje skal vere ulykker med drepne involvert i trafikkulukker i komande ti års periode.

3 Planprosess

I kommunen sin planstrategi, vedteken i kommunestyret 09.12.2020, sak 202/20, vart det vedteke at arbeidet med ny Trafikktryggleiksplan skulle startast i 2021. Hovudansvaret for utarbeiding av plan ligg på Teknikk og Miljø - verksemd for Veg og Park. Grunnlaget for arbeidet ligg i tidlegare trafikktryggingsplanar for Jondal kommune 2007, Ullensvang herad 2014 og Odda kommune 2010 til ein felles trafikktryggleiksplan. Det blei varsla oppstart av trafikktryggleiksplan for Ullensvang kommune 14. mai 2021. Planen vart vedteken av kommunestyret 12.11.2025.

Vedteken plan skal leggjast til grunn for det vidare arbeidet med trafikktryggleik i kommunen. Det skal arbeidast systematisk og målretta for å nå Ullensvang kommune sin visjon, satsingsområde og mål i komande periode.

Det er oppretta ei arbeidsgruppe som har vore med i arbeidet og som har kome med råd og rettleiing ved revisjon av trafikktryggleiksplanen.

Arbeidsgruppe i kommunen	
John Ove Rørnes	Prosjektleder
Bente Bjotveit	Prosjektleder (startfase)
Torkjell Tolo	Prosjektleder Verksamdsleder Veg og Park
Einar Riise	Veg
Frank Aleksander Høyland	Prosjektleder (slutfase)
Hjalmar Heimvik	Verksamdsleder Veg, Park og Hamn (slutfase)

Arbeidsgruppe	
John Ove Rørnes	Prosjektleder
Ingvild Hernes Lunde	Oppdragsleder - Norconsult
Mats Korneliussen	Norconsult – utarbeida rapporten
Frank Aleksander Høyland	Prosjektleder (slutfase)

Referansegruppe	
John Ove Rørnes	Prosjektleder
Torkjell Tolo	Verksamdsleder veg og park - Ullensvang
Einar Riise	Fagleder veg Odda – Ullensvang kommune
Udmund Sandstå	Fagleder veg Kinsarvik – Ullensvang kommune
Kjell Kvåle	Fagleder veg Jondal – Ullensvang kommune
Olav Utne	Fagleder veg Utne – Ullensvang kommune
Marit Langås	Rådgjevar Skule – Ullensvang kommune
Wenche Jordal	Rådgjevar Barnehage – Ullensvang kommune
Vibekke Lynghammer	Rådgjevar/Rådssekretær ungdomsråd
Alle skulane	Alle Verksamdsleiarar for skulane
Alle barnehagar	Alle Verksamdsleiarar for barnehagane
Turid Tomasgård	Utlav for personar med nedsett funksjonsevne, FFO
Nina Storø-Lysfjord	Trafikkansvarleg – Politiet i Hardanger
Kurt Skagen	Statens vegvesen
Terje Vidar Hoel	Vestland fylkeskommune

4 Presentasjon av kommunen

Ullensvang kommune ligg i Hardanger i Vestland fylkeskommune. Busetnaden i kommunen er i hovudsak langs Sørfjorden og Hardangerfjorden. Det er i følge Statistisk sentralbyrå (SSB) busett 10 995 innbyggjarar i Ullensvang kommune andre kvartal i 2021. Det er sju tettstader i Ullensvang; Odda som er administrasjonssenter, Tyssedal, Skare, Røldal, Kinsarvik, Lofthus og Jondal.



Figur 2: Oversikt over kommunegrense for Ullensvang kommune. Kjelde: Vegkart.no


Tabellane under gir ei oversikt over veglengde, gjennomsnittleg årstdøgn trafikk (ÅDT), tunnelar og ferjekaier i Ullensvang kommunen. Tala er henta frå vegkart.no.

Trafikkmengd

Tabellen under viser dei strekningane og punkt som er registrert med høgast trafikkmengd i kommunen.

Høgste trafikkmengd (ÅDT)	Sted
9000	Rv.13 Røldalsvegen/Opheimsgata (rundkøyring)
6200	Rv.13 Kremarvegen - Røldalsvegen
5200	Rv.13 Tyssedalsvegen
5000	Fv.49 Opheimsgata (rundkøyring)
4800	Fv.49 Opheimsgata - Eitrheimsvegen
4200 - 4000	Fv.49 Stranda - Askane
3000	Rv.13 Odda - Tyssedal
2800 - 250	Fv.550 Eitheim - Jondal

Under er ein oversikt over vegar i kommunen med trafikkmengd (ÅDT) over 1000 køyrande i snitt. pr. dag.



Figur 3: Oversikt over vegar som har trafikkmengd over 1000 køyrande i snitt. pr. dag. Kjelde: Vegkart.no

Vegkategori

Under er ein oversikt over veglengd fordelt på dei ulike vegkategoriane i kommunen.

Vegkategori	Veglengde	G/S veg lengde
Europaveg	113,8 km	1,1 km
Riksveg	146,6 km	16,4 km
Fylkesveg	201,8 km	3,3 km
Kommunal veg	172,5 km	1,3 km

Tunnel

Det er i vegkart.no registrert totalt 38 tunnellop i Ullensvang kommune. Dei fire lengste tunnelane er vist i tabellen under.

Tunnelar	Lengde
Folgefonnstunnelen	11137 m
Jondalstunnelen	10114 m
Haukelitunnelen	5693 m
Røldalstunnelen	4657 m

Statens vegvesen skal byggje ny vegtrasé for E134 mellom Vågsli - Seljestad. E134 skal styrkast som ein av hovudvegsambanda mellom aust- og vestlandet. Første byggjetrinn er strekninga frå Røldal til Seljestad. Strekninga er prioritert i første periode i NTP 2022-2033. Dette arbeidet gjekk i gong i 2025. Den nye Røldalstunnelen under Røldalsfjellet utgjer størstedelen av parsellen. Ny Røldalstunnel vert ca. 13 km, og skal erstatte dagens Røldalstunnel og Seljestadtunnelen og dei tunge stigningane i Håradalen.

Ferje

Det er tre ferjesamband i Ullensvang kommune.

Ferjekai	ÅDT
Jondal - Tørvikbygd	544 – 13 % store køyretøy
Utne - Kvanndal	201 – 21 % store køyretøy
Kinsarvik – Utne	32 – 10 % store køyretøy

Det er registrert 210 stk. bruer i vegkart.no i Ullensvang kommune.

4.1 Skuleskyss

Basert på tal frå Grunnskolen Informasjonssystem (GSI) er det totalt 1241 elevar mellom 1 og 10 årstrinn i Ullensvang kommune for 2020/2021. Blant desse har 30 elevar på 1. årstrinn rett til skuleskyss heile eller delar av skuleåret. Mellom 2 – 10 årstrinn er det 313 elevar som har rett på skuleskyss. Totalt er det 343 elevar i Ullensvang kommune som har rett på skuleskyss heile eller delar av året.

4.2 Trafikale utfordringar i kommunen

Skred

Basert på vegkart.no er det registrert 494 skred i Ullensvang kommune i perioden 2016 – 2020. Blant desse skreda er 76,5 % - 378 stk. registrert på europa- og riksveg. Det er registrert 116 skred på fylkesveg som tilsvarar 23,5 % av alle skred hendingane i den aktuelle perioden. Skredhendingar medfører redusert framkomst på viktige nasjonale og regionale vegar i Ullensvang og medfører betydeleg risiko for alvorleg hendingar.

Manglande tilbod til mjuke trafikantar

Det er fleire smale vegar i Ullensvang utan eit eige tilbod til gåande og syklende. Dette medfører at mjuketrafikantar ferdast i køyrevegen. Dette bidreg til auka risiko for trafikkulukker mellom køyrande og mjuke trafikantar og auka utryggskjensle blant gåande og syklende. For å kunne auke talet på gåande og syklende i kommunen må det vere fokus på å betre leggje til rette for desse trafikantgruppene.

Mykje sesongtrafikk

Det er mykje sesongtrafikk i Ullensvang kommune om sommaren og vinteren. Dette medfører at mange som nyttar vegane i Ullensvang kommune ikkje er like godt kjend med dei trafikale og trafikksikkerheitsmessige utfordringane som finnast i kommunen. Dette bidreg til ei auka fare for trafikkulukker og redusert framkomst for busette i Ullensvang som følgje av at ikkje alle delar av vegnettet er dimensjonert for ein slik auke i trafikkmengda som sesongtrafikken medfører.

Beredskapsansvar knytt til tunnelar.

Dette medfører eit særskilt ansvar for Ullensvang kommune å ivareta beredskapsansvaret med tanke på eventuell ulukke og brann i tunnelar i kommunen.

Gjennomgangstrafikk gjennom Odda sentrum

Trafikken gjennom Odda sentrum er den høgaste i Ullensvang kommune. Mellom 5 og 7 % av denne trafikkmengda er store køyretøy, som tilsvarar ca. 330 – 430 stk. pr. døgn gjennom Odda sentrum. Dette medføre ein stor belastning med tanke på miljø, støy, støy og ein generell reduksjon av omgevnen som heilskap. Gjennomgangstrafikken bidreg også til å redusere trafikktryggleiken til gåande og syklende i Odda sentrum, kor særleg store køyretøy utgjør ein betydeleg risiko for personskade dersom det skulle skje ei ulukke.

Vegstandard

Vegnettet i Ullensvang kommune har på fleire stader og strekningar ein standard som ikkje er tilstrekkeleg for å sikre god framkomst og trafikktryggleik. Det vil vere ein stor kostnad i kommande år knytt til behov for oppdragering og vedlikehald av vegnettet i kommunen for å oppretthalde kvalitetar som universell utforming, framkomst og tryggleik.

Ferjetrafikk

I samband med ferjetrafikk særleg mellom Utne og Jondal opplevast det ofte høg fart og uforsvarleg køyring og fare for mjuke trafikantar. Dette oppstår i hovudsak når køyrande skal rekke ferje eller køyre forbi større køyretøy og campingbilar etter ferjeanløp. Dette bidreg til å skape farlege trafikale situasjonar og medfører fare for trafikkulukker med personskade.

Fleire trafikkuhell den siste tida: – Folk må ta det med ro



**Bil i
fjellveggen
mellom
Odda og
Låtefoss**



**To personar til Odda
legevakt etter ulukke på
Fv 49**



**Trafikkuhell på E134 ved
Grostøl/Grastjørn**

**Fullt av ungdommar frå fleire kommunar
samla seg for å sladde**

**Mann i 50-åra mistenkt for ruskøyring
etter tunnelkrasj**

Kjelde: Hardanger Folkeblad.

5 Nasjonale og regionale føringar for trafikktryggingsarbeidet

5.1 Nasjonal transportplan

Nasjonal transportplan (NTP) 2022–2033 presenterer heilheita i regjeringa sin transportpolitikk for dei neste 12 åra. Regjeringa har lagt vekt på å utvikle eit godt transportsystem som gjev fridom og moglegheiter for alle, aukar livskvaliteten, bidreg til verdiskaping, beskyttar og reddar liv samt bidreg til betre helse, miljø og klima. Verdas berekraftsmål har vært med på å gje retning for arbeidet med transportplanen. Regjeringa har sett fem likestilte mål som gjev retning for korleis ressursane skal brukast framover:



Figur 4: Dei fem måla for transportsektoren i NTP 2022-2033

5.2 Barnas transportplan


Barn og unge er både dagens og framtidens trafikantar. Med Barnas transportplan vil regjeringa sikre barn og unge god mobilitet, samtidig som det skal vere trygt å ferdast i trafikken.

Effektivt, attraktivt og trygg er stikkord for å leggje til rette for barn og unge sin ferdsel. Kunnskap om kva som er viktig for barn og unge og deira ferdsle bør ligge til grunn for kor tiltak vert set i verk. Born og unge har lovfesta rett til å bli høyrte i all plan- og byggesakshandsaming.

5.3 Regional transportplan – Vestland

Fylkeskommunen har etter §40a i vegtrafikklova (1965) eit ansvar for å tilrå og samordna tiltak for å fremje trafikktryggleiken i fylket. Etter folkehelselova (2011) §20 har fylkeskommunen eit ansvar for å fremje folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemiddel som fylkeskommunen er tillagt. Regional transportplan (RTP) 2022-2033 vart vedteken av Fylkestinget 16. desember 2021 og er den fyrste regionale transportplanen for det nye fylket. Regional transportplan for Vestland er ein strategisk plan for samferdselssektoren i Vestland. Planen skal bidra til å sikre heilskapleg og berekraftig utvikling av sektoren, og legg politiske føringar. RTP er forankra i regional planstrategi «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024».

Vestland fylkeskommune skal arbeide for eit; *trygt, effektivt og framtidsretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling*. Til grunn for all samferdselsplanlegging ligg nullvisjonen om at ingen skal bli drepen eller hardt skadd i trafikken. Fylkeskommunen skal i tillegg arbeide



Figur 5: RTP 2022-2033.

for at vegar sikrast mot ras, utrasing, flaum og andre naturhendingar. Vestland fylkeskommune drifrar i tillegg kollektivtransporten i fylket.

5.4 Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit 2022-2025

[Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit](#) er ein fireårig plan for trafikksikkerheitsarbeidet i Noreg. Planen har til hensikt å gje ei samla framstilling av korleis dei ulike aktørane som arbeider med trafikksikkerheit saman skal kunne bidra til reduksjon i talet på drepne og hardt skadde i samsvar med nullvisjonen og i samsvar med gjeldande Nasjonal transportplan. Nasjonal tiltaksplan har valt ut 15 ulike innsatsområde og viser til 179 tiltak som skal følgjast opp i planperioden. Det er fleire ulike aktørar står ansvarleg for gjennomføring av tiltaka. Dei mest sentrale er Statens vegvesen, Trygg Trafikk, politiet, Helsedirektoratet, fylkeskommunane og åtte storkommunar.

5.5 Kommuneplan: Samfunnsdel 2020 – 2032

Kommuneplan Samfunnsdel 2020-2032 vart vedteken av kommunestyret i Ullensvang 16.02.2021. Det overordna målet til kommuneplanen sin samfunnsdel er å styrkje heile kommunen. Dette skal skje gjennom langsiktig og heilskapleg planlegging med fokus på berekraftig utvikling. For å nå målet i samfunnsdelen vert det fokusert på blant anna å gjere dette ved å:

- Gjennom å styrka infrastrukturen gjer vi Ullensvang tryggare og meir konkurransedyktig
- Alle tettstadane skal ha oppdaterte sentrumsplanar som legg til rette for utvikling.

I høve samfunnsdelen er trafikkavvikling og infrastruktur for mjuke trafikantar, blant viktige infrastrukturløysingar som skal fungere tilfredsstillande. Det skal vere mogleg å trygt og behageleg ferdast i og mellom tettstadane i kommunen, uavhengig av kva reisemåte ein nyttar. Det er vidare fokus på tidleg og vedvarande vedlikehald av vegnettet. Ved større utbetringar av veg mellom tettstadar skal det greiast ut om det er mogleg å etablera gang og sykkelveg. Ein må jobbe inn mot statlege og regionale folkevalde for å få prioritet på større kommunikasjonsprosjekt som får positive konsekvensar for kommunen. Tettstadane må først og fremst vere tilrettelagt for mjuke trafikantar. Samfunnsdelen er det overordna strategiske dokumentet som med mål og strategiar viser kva retning Ullensvang kommune skal ha i komande år.

5.6 Kommunal trafikktryggleiksplan

Målet med ein kommunal trafikktryggleiksplan er å auke kommunen sin innsats innanfor trafikksikkerheitsarbeidet og redusere talet på drepne og alvorleg skadde i trafikkulukker.

Trafikktryggleiksplanen skal vere forankra i kommunen sitt politiske og administrative system. Dette bidreg til eit meir samordna fokus på trafikksikkerheit i alle ledd i kommunen, som blant anna innan arealplanlegging. Det er særleg viktig at den kommunale trafikktryggleiksplanen følgjer opp og samsvarer med andre overordna kommunale dokument, som til dømes samfunnsdelen i kommuneplanen.

Det har sidan 2001 vore ein føresetnad for å kunne få statleg støtte til planlegging og gjennomføring av trafikktryggingstiltak på fylkes- og kommunalveg at kommunen har ein vedteken trafikktryggleiksplan.

Den kommunale trafikktryggleiksplanen viser til blant anna kva som er visjon, målsetjing og satsingsområde for trafikktryggingsarbeidet i kommunen i komande år. Trafikktryggleiksplanen har i hovudsak fokus på haldning og åtferdstiltak, men planen opnar også opp for at innbyggjarar i kommunen kan kome med innspel om behov for fysiske trafikktryggingstiltak. Kommunen skal på si side arbeide systematisk med åtferd- og haldningstiltak samt å utføre dei fysiske tiltaka som er forankra og prioritert i gjeldande plan.

6 Organisering av trafikktryggingsarbeidet

6.1 Ullensvang kommune



Ullensvang kommune

Trafikktryggleiksplanen for Ullensvang kommune skal vere forankra og leggast til grunn i all planlegging, utbygging, drift og vedlikehald, sakshandsaming og politiske vedtak i planperioden. Kommunen som heilskap har eit overordna ansvar å følgje opp trafikktryggingsplanen og samordne arbeidet og styrke den kommunale innsatsen knytt til trafikktryggleik i Ullensvang kommune.

Tenesteeining Veg, park og hamn har eit særskilt ansvar å syte for at det arbeidast systematisk med å følgje opp trafikktryggleiksplanen sin visjon og målsetjing i komande år. Dette gjeld i særleg grad knytt til søknad og bygging av innmeldte trafikktryggleikstiltak i perioden. Tenesteeininga skal også bidra med rettleiing og syte for oppfølging knytt til arbeid med åtferd og haldningstiltak i kommunen. Tenesteeiningane Byggesak, plan og eigedom har eit ansvar å syte for at private og offentlege planar og planprosessar gjennomførast i medhald av trafikktryggleiksplanen og i høve dei mål og satsingsområde som kjem fram i planen.

6.2 Statens vegvesen



Statens vegvesen

Statens vegvesen sitt oppdrag er å utvikle og legge til rette for eit heilskapleg og framtidsretta transportsystem i heile landet som fremjar framkomst, reduserer transportulukkene og bidreg til omstilling til lågutsleppssamfunnet. Statens vegvesen er vegmyndigheit for riksvegane og har ansvar for å forvalte, utreie, planlegge, bygge, drifte og vedlikehalde riksvegane. Dei er også løyvemyndigheit for riksvegferjesamband og person- og godstransport og tildeler einerettar til drift av riksvegferjesamband. Som fagleg sektormyndigheit for vegtransport har Statens vegvesen eit overordna ansvar for å følge opp nasjonal politikk for heile det offentlege vegtransportsystemet. Med det offentlege vegtransportsystemet meiner ein både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar og gater, inkludert løysingar for gåande og sykklande. Statens vegvesen har vidare ansvaret for å utvikle tydelege regelverk og standardar for smart transport og moderne vegbygging som gjeld for alle vegar. Slik bidreg dei til å gje oss eit heilskapleg, enkelt og sikkert transportsystem, uavhengig av kven som eig eller drifrar vegen.

6.3 Vestland fylkeskommune



Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune forvaltar og eig fylkesvegnettet i fylket, og er regional vegstyresmakt. Fylkeskommunen har ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av fylkesvegnettet og drifrar i tillegg kollektivtransporten. Vestland fylkeskommune har eit breitt ansvar for trafikktryggleiken som regional myndigheit og utviklingsaktør, vegeigar og skuleeigar.

Fylkeskommunen har etter §40a i vegtrafikklova (1965) eit ansvar for å tilrå og samordna tiltak for å fremje trafikktryggleiken i fylket. Etter folkehelselova (2011) §20 har fylkeskommunen eit ansvar for å fremje folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemiddel som fylkeskommunen er tillagt. Fylkeskommunen skal også understøtta folkehelsearbeidet i kommunane, og vere ein pådrivar og koordinator for folkehelsearbeidet i fylket. Fylkeskommunen er høyringspart for kommunale trafikktryggleiksplanar.

Vestland fylkeskommune skal arbeide for eit trygt, effektivt og framtidsretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling. Til grunn for all samferdselsplanlegging ligg nullvisjonen om at ingen skal bli drepen eller hardt skadd i trafikken. Fylkeskommunen skal i tillegg arbeide for at vegar sikrast mot ras, utrasing, flaum og andre naturhendingar.

6.4 Politi



Hovudmålet for politiet sitt trafikktryggingsarbeid er å redusere talet på drepne og hardt skadde i trafikken. Det arbeidast derfor både med kontrolltiltak knytt til bl.a fart, promille og beltebruk, men også med førebyggjande tiltak ovanfor mjuke trafikantar - med særleg fokus på dei yngste. Slikt arbeid vert ofte gjort i samarbeid med skulen.

6.5 Trygg Trafikk




Trygg Trafikk er ein uavhengig landsomfattande organisasjon for det frivillige trafikktryggleiksarbeidet i Noreg. Organisasjonen fungerer som eit bindeledd mellom frivillige aktørar og offentlege mynde, som har ansvar for trafikktryggleik.

Trygg Trafikk bygger nettverk ved å vere ein medlemsorganisasjon, skapa møteplassar, arrangera ein årleg nasjonal konferanse og samarbeida med andre om trafikktryggleikspolitiske saker. Organisasjonen er eit kompetansesenter for trafikkopplæring av born og unge i Norge. Trygg Trafikk arbeidar for å oppnå best mogeleg trafikktryggleik for alle trafikantgrupper og er pådrivar i trafikktryggleiksarbeidet både lokalt og nasjonalt. Dei har eit vedtektsfesta ansvar for at trafikkopplæring og informasjon om trafikktryggleik vert gjennomført som eit ledd i ein samordna innsats mot trafikkulukker.

6.6 Andre viktige aktørar

Arbeid knytt til trafikktryggleik gjerast på fleire ulike arenaer kor lag, organisasjonar, råd og foreiningar alle spelar ein viktig rolle. Ullensvang kommune er difor avhengig av eit godt samarbeid med aktørar innan bl.a trafikkopplæring, hjelpekorps og helsevesen, idrettslag, skular og barnehagar. Foreldre har også eit overordna ansvar for å oppdra borna til å ha god åtferd og haldning i trafikken og vere gode rollemodellar i bruk av sikringsutstyr som bilbelte, refleks og sykkelhjelm.



Figur 6: Overvatn på Fv.550 ved Eitrheim. Foto: Hardanger Folkeblad.


7 Ulukkesanalyse

7.1 Datagrunnlag

Ulukkesanalysen vart utarbeida basert på data frå politiregistrerte trafikkulukker med personskade for perioden 2011 – 2020. Ulukkestala er oversendt frå Statens vegvesen og henta frå vegkart.no og trafikkulukkesregisteret. Det er viktig å påpeike at det er store mørketal knytt til underregistrering av trafikkulukker i politiregisteret¹. Når det kjem til dødsulukker er det stor samsvar mellom talet på ulukker og det som registrerast. Når det kjem til alvorleg skadde kan det tyde på at politiregisteret har ein dekningsgrad på 37 % og for lettare skadde dekningsgrad på 15 %.

7.2 Registrerte trafikkulukker 2011 – 2020


Det er i perioden 2011 – 2020 registrert totalt 159 trafikkulukker med personskade i Ullensvang kommune. Blant desse ulukkene er det registrert 195 drepne eller skadde personar.



Figur 7: Oversikt over talet på ulukker og tal på drepne og hardt skadde (2011-2020).


¹ [Skaderegistreringsrapport2019_nett_oppslag.pdf \(tryggtrafikk.no\)](#)

Figuren under viser talet på registrerte trafikkulukker fordelt pr. år. Det er registrert flest trafikkulukker i 2016 med 23 ulukker. Nest flest ulukker er registrert i 2011 med 22 stk. Det har frå 2012 til 2016 vore ein jamn auke i talet på ulukker i kommunen. Frå 2017 til 2020 har det vore ein nedgåande trend i talet på ulukker. Dersom ein samanliknar femårsperiodane 2011 – 2015 og 2016 – 2020 er det likevel fleire ulukker i 2016 – 2020 med 83 trafikkulukker mot 76 ulukker i perioden 2011 – 2015.




Figur 8: Tal på registrerte trafikkulukker fordelt pr. år

Under er ein oversikt over skadegrad fordelt pr. år. Det er registrerte éin drepne i trafikkulukker i åra 2011, 2013, 2014 og 2016. Fordelinga av hardt skadde er jamn med fem, fire og tre hardt skadde pr. år. Det er registrert færrest hardt skadde i åra 2013 og 2014. Det har ikkje vore ulukker med drepne involvert i perioden 2017-2020 i Ullensvang kommune.




Figur 9: Skadegrad fordelt pr. år

Figuren under viser talet på trafikkulukker fordelt pr. måned. Det er månadane juni, juli og august som peiker seg ut med flest ulukker. Ulukkene i desse tre månadene tilsvara 43 % av alle ulukkene i løpet av året. Det skjer færrest ulukker i månadene mellom september og januar med høvesvis sju og ni ulukker pr. måned.




Figur 10: Tal på registrerte trafikkulukker fordelt pr. måned.

Under kan ein sjå skadegrad fordelt pr. måned. Dette gir eit liknande bilde med flest skadde i juni, juli og august. Det er likevel flest drepne i trafikken i mars måned med to personar. Det er også registrert éin drepne i oktober måned.



Figur 11: Skadegrad fordelt pr. måned.


Ser ein på skadegrad fordelt pr. vekedag er det flest drepne fredag med tre personar og éin drepen søndag. Det er flest ulukker med hardt skadde onsdag og søndag med høvesvis åtte og sju personar. Det er registrert flest lettare skadde tysdag. Men både fredag, laurdag og søndag peikar seg ut med ein høg del av talet på lettare skadde.



Figur 12: Skadegrad fordelt på vekedag.


I Ullensvang kommune står menn for 65 % av alle drepne og skadde i trafikkulukker. Tre av fire drepne er menn og 21 av 34 – 62 % av alle hardt skadde er menn. Blant kvinner er det registrert éin drepen, 13 hardt skadd og 53 lettare skadd i trafikkulukker i kommunen.

Drepne og skadde



Figur 13: Oversikt over drepne og skadde fordelt på kjønn

Figuren under viser skadegrad fordelt på alder. Det er ikkje registrert ulukker med personskade i aldersgruppa 0 – 9 år. Det er i aldersgruppa 10 – 14 år registrert éin hardt skadd og éin lettare skadd. Det er i aldersgruppa 15 – 24 år registrert ni hardt skadde og 52 lettare skadde – dette tilsvara 26 % av dei hardt skadde og 33 % av dei lettare skadde i kommunen. Det er registrert drepne i alderskategoriane 35-44 år, 45-54 år, 65-69 år og 80+ år.



Figur 14: Registrerte personskadar fordelt på alder.

Tabellen under viser fordeling av tal på ulukker og registrerte personskadar fordelt på vegkategori. Oversikta tydar på at 60 % av alle trafikkulukker i Ullensvang kommune skjer på E134 og Rv13. Dei same vegane står for 53 % av alle hardt skadde og 63 % av alle lettare skadde i trafikkulukker. Blant fylkesvegane er det fv550 som peiker seg ut med tredje flest ulukker med 21 stk. Det er på denne vegen registrert éin drepne, seks hardt skadd og 20 lettare skadd. Det har på kommunale vegar vore 13 ulukker kor seks har vore hardt skadd og 10 lettare skadd.

Tabell 1: Tal på ulukker fordelt på vegkategori.


Veg	Tal på ulukker	Drepne	Hardt skadde	Lettare skadd
Ev134	43	0	8	41
Rv13	53	1	10	58
Fv49	9	0	1	8
Fv550	21	1	6	20
Fv5094	1	0	0	1
Fv5098	1	0	0	2
Fv5099	4	1	0	3
Kommunalveg	13	0	6	10
Privatveg	5	0	2	4
Ukjend veg	9	1	1	10
Totalt	159	4	34	157

Dersom ein ser på fordeling av ulukkestyper som har skjedd i Ullensvang er det tydeleg at utforkøyringsulukker skjer flest gonger med 85 registrerte ulukker. Dette tilsvarar 53 % av alle registrerte trafikkulukker i kommunen. Den andre ulukkestypen som skjer ofte er møteulukker med 28 ulukker – 17 %. Fotgjengarulukker står for 5 % av alle registrerte ulukker i kommunen.


Figuren under viser skadegrad fordelt på ulukkestype. Igjen kan ein sjå at utforkøyringsulukker er den ulukkestypen som også medfører mest personskade. 49 % av alle lettare skadde har skjedd i samband med utforkøyring. To av fire drepne og 58 % av hardt skadde har vore i samband med utforkøyringsulukker.

Blant fotgjengarar/akande er det registrert tre hardt skadde og fem lettare skadde.

Tal på ulukker




Figur 15: Tal på ulukker fordelt på ulukkestype.




Figur 16: Skadegrad fordelt på ulukkestype.

Figuren under viser skadegrad fordelt på einingstype. Blant mjuke trafikantar har det vore tre hardt skadde og fem lettare skadde fotgjengarar. Blant sykklistar er det tre hardt skadde og éin lettare skadd. Det er førar personbil som står for det høgaste talet på personskade. I denne kategorien er to av fire drepne, 35 % av dei hardt skadde og 42 % av alle lettare skadde. Blant passasjer i personbil er det registrert fire hardt skadd og 41 lettare skadd. Ser man desse to kategoriane i samanheng står desse for 47 % av hardt skadde og 68 % av alle lettare skadde. Det er registrert éin drepne på MC og éin drepne i lastebil.




Figur 17: Skadde og drepne fordelt på registrert einingstype.

Figuren under viser skadegrad fordelt på skiltet fartsgrense kor ulukkene intraff. Det er tre drepne i trafikkulukker kor det var skilta fartsgrense 80 km/t og éin drepne kor det var fartsgrense 50 km/t. For hardt skadde er fordelinga jamn mellom 50 km/t og 80 km/t med høvesvis 13 og 14 hardt skadde. Det er klart fleire lettare skadde i 80 km/t med 100 personar – 63 % av alle lettare skadde i Ullensvang kommune.




Figur 18: Drepne og skadde fordelt på fartsgrense.

Figuren under viser skadegrad fordelt på ljostilhøve. Tre av fire drepne har skjedd med dagsljøs og éin drepnen har skjedd i tussmørke, skumring. 52 % av dei lettare skadde og 70 % av hardt skadde har hendt i dagsljøs. Det er registrert like mange hardt skadde (3 stk.) kor det har vore mørkt med vegljøs og mørkt utan vegljøs. Det har vore fleire lettare skadde når det var mørkt med vegljøs - 17 stk. i motsetning til mørkt utan vegljøs 12 stk.




Figur 19: Skadegrad fordelt på ljøsforhold.

Under er ein oversikt over skadegrad fordelt på føreforhold. Tre av fire drepne har skjedd på tørr, bar veg og 55 % av alle hardt skadde har skjedd med tørr, bar veg. Blant dei lettare skadde har 43 % skjedd med tørr, bar veg. Det er éin drepnen og fem hardt skadde med førehold våt, bar veg. Snø/isbelagt og delvis snø/isbelagt veg står for til saman 17 % av dei hardt skadde i Ullensvang kommune.




Figur 20: Skadegrad fordelt på føreforhold

Figuren under viser skadegrad fordelt på vêrforhold. Tre av fire drepne, 79 % av dei hardt skadde og 56 % av dei lettare skadde har skjedd med vêrforhold godt sikt, opphald. Det er éin drepne og tre hardt skadd med vêrforhold godt sikt, nedbør. Det er éin hardt skadd kor det var dårleg sikt elles og to hardt skadde med ukjend vêrforhold.



Figur 21: Skadegrad fordelt på vêrforhold.

Kartet under viser alle registrerte trafikkulukker med personskade som har hendt i Ullensvang kommune i perioden 2011 – 2020.



Figur 22: Oversikt over registrerte trafikkulukker i Ullensvang kommune 2011-2020.

7.3 Oppsummering av trafikkanalyse

Det er i perioden 2011 – 2020 registrert totalt 159 trafikkulukker med personskade i Ullensvang kommune. Blant desse ulukkene er det registrert 195 drepne eller skadde personar.

Dersom ein samanliknar femårsperioden 2011 – 2015 og 2016 – 2020 er det registrert fleire ulukker i 2016 – 2020 med 83 trafikkulukker mot 76 ulukker i perioden 2011 – 2015.

Det er registrert éin drepen i trafikkulukker i åra 2011, 2013, 2014 og 2016. Fordelinga av hardt skadde er jamn med fem, fire og tre hardt skadde pr. år. Det har ikkje vore ulukker med drepne involvert i perioden 2017-2020 i Ullensvang kommune.

Det er månadene juni, juli og august som peiker seg ut med flest ulukker. Ulukkene i desse tre månadene tilsvarar 43 % av alle ulukkene i løpet av året.

I Ullensvang kommune står menn for 65 % av alle drepne og skadde i trafikkulukker. Tre av fire drepne er menn og 21 av 34 – 62 % av alle hardt skadde er menn.

Det er ikkje registrert ulukker med personskade i aldersgruppa 0 – 9 år. Det er i aldersgruppa 10 – 14 år registrert éin hardt skadd og éin lettare skadd. Det er i aldersgruppa 15 – 24 år registrert ni hardt skadde og 52 lettare skadde – dette tilsvara 26 % av dei hardt skadde og 33 % av dei lettare skadde i kommunen. Det er registrert drepne i alderskategoriane 35-44 år, 45-54 år, 65-69 år og 80+ år.

60 % av alle trafikkulukkene i Ullensvang kommune skjer på E134 og Rv13. Dei same vegane står for 53 % av alle hardt skadde og 63 % av alle lettare skadde i trafikkulukker.

53 % av alle registrerte trafikkulukker i kommunen er utforkøyringsulukker. Den andre ulukkestypen som skjer ofte er møteulukker med 28 ulukker – 17 %. Fotgjengarulukker står for 5 % av alle registrerte ulukker i kommunen. 49 % av alle lettare skadde har skjedd i samband med utforkøyring. To av fire drepne og 58 % av hardt skadde har vore i samband med utforkøyringsulukker.

Blant mjuke trafikantar har det vore tre hardt skadde og fem lettare skadde fotgjengarar. Blant syklistar er det tre hardt skadde og éin lettare skadd. Det er førar personbil som står for det høgaste talet på personskade. I denne kategorien er to av fire drepne, 35 % av dei hardt skadde og 42 % av alle lettare skadde.

Det er tre drepne i trafikkulukker kor det var skilta fartsgrense 80 km/t og éin drepen kor det var fartsgrense 50 km/t. For hardt skadde er fordelinga jamn mellom 50 km/t og 80 km/t med høvesvis 13 og 14 hardt skadde. Det er klart fleire lettare skadde i 80 km/t med 100 personar – 63 % av alle lettare skadde i Ullensvang kommune.

Tre av fire drepne har skjedd med dagsljøs og éin drepen har skjedd i tussmørke, skumring. 52 % av dei lettare skadde og 70 % av hardt skadde har hendt i dagsljøs. Tre av fire drepne har skjedd på tørr, bar veg og 55 % av alle hardt skadde har skjedd med tørr, bar veg. Tre av fire drepne, 79 % av dei hardt skadde og 56 % av dei lettare skadde har skjedd med vêrforhold godt sikt, opphald.

Basert på vegkart.no er det registrert 494 skred i Ullensvang kommune i perioden 2016 – 2020. Blant desse skreda er 76,5 % - 378 stk. registrert på europa- og riksveg. Det er registrert 116 skred på fylkesveg som tilsvara 23,5 % av alle skred hendingane i den aktuelle perioden.

Tabell under gir ein oversikt over skredtypar basert på data frå vegkart.no.

I kommunekart er gjeldande kommuneplan og reguleringsplanar i kommunen. Her er også oversikt over temakart for mellom anna skred og flaum og natur- og kulturlandskap.

Skredtype	Tal
Flaumskred (vatn+stein+jord)	17 stk.
Is	17 stk.
Is/stein	3 stk.
Jord/lausmasse	23 stk.
Snø	14 stk.
Stein	414 stk.
Sørpeskred (vatn+snø+stein)	6
Totalt	494 stk.



Figur 23: Snøskred fv.550 Velure. Foto: Hardanger Folkeblad.

8 Visjon og målsetjing

8.1 Visjon

Ullensvang kommune skal bidra til at Nullvisjonen i Noreg som er lagt til grunn for all arbeid med transporttryggleik skal bli oppfylt. Som følgje av dette har Ullensvang kommune vedteke følgjande visjon for trafikktryggleik:

Ingen drepne og ingen alvorleg skadde i trafikken i Ullensvang kommune.

Visjonen inneber eit felles ansvar kor Ullensvang kommunen har ansvar for å syte for at det vert arbeidd systematisk med trafikktryggleik opp mot; åtfærd- og haldningskampanjar, planlegging, drift- og vedlikehald og at det vert gjennomført trafikktryggingstiltak på vegnettet i kommunen. Innbyggjarar og andre som går, sykklar og køyrer i kommunen har eit ansvar å følgje trafikkreglane og syte for trafikksikker åtfærd ved ferdsel på eller langs vegnettet.

8.2 Satsingsområde

Hovudsatsingsområde for Ullensvang kommune i det vidare trafikksikringsarbeidet for perioden 2022-2033 er følgjande:

Satsingsområde
Redusere talet på drepne og alvorleg skadde i trafikken.
Redusere talet på utforkøyringsulukker.
Trygge skuleveggar og utbetring av skuleveggar som er definert som farleg og krevjar skuleskyss.
Styrke berekraftige reisemåtar til fots, sykkel, kollektiv eller elbil.
Fokus på åtfærd og haldningstiltak.
Arbeide for Ullensvang-pakke for samferdsle.
Etablere Hjartesone ved alle barnskular i Ullensvang kommune

8.3 Mål og strategiar

Kommune har følgjande mål og strategiar for å kunne oppnå visjon om *ingen drepne og ingen alvorleg skadde trafikantar i Ullensvang kommune*. Det er fokus på å følgje opp og gjennomføre spesifikke tiltak innan områda; åtfærd- og haldningstiltak, organisatoriske tiltak og fysiske tiltak innan planperioden 2022 – 2033.

Åtfærd og haldningstiltak
Leggje til rette for at flest mogleg kan gjennomføre trafikalt grunnkurs i 10. klasse på ungdomsskulane.
Barnehagane i Ullensvang skal syte for opplæring ift. trafikktryggleik før dei startar på skulen.
Kommunen skal vere pådrivar for at det gjennomførast reflekskampanjar eller liknande i samarbeid med relevante aktørar på barneskulane.
Kommunen skal vere pådrivar for at det gjennomførast trafikktryggleiksdagar og kampanjar saman med relevante aktørar på ungdomsskular og vidaregåande skule.
Utarbeide interne retningslinjer for trafikksikker åtfærd- og haldningar blant kommunalt tilsette og bruk av tenestebil.

Organisatoriske tiltak

Alle tettstadane skal ha oppdaterte sentrumsplanar som legg til rette for utvikling.
Utarbeide gateplan som viser korleis gater skal utformast i lokal-kommunedel og regionsenter (LKR) sentrum.
Reguleringsplanar må leggje til rette for å skape trygge og gode offentlege uterom.
Prioritere tilstrekkeleg midlar til trafikksikringstiltak og satsingsområde.
Administrasjon skal orientere årleg om status på utførte tiltak.
Administrasjon skal prioriterer nye tiltak årleg og orienterer relevante politiske utval.
Kommunen skal søkje om offentlege tilskotsmidlar for gjennomføring av trafikksikringstiltak.
Gjennomgang av skiltvedtak for fartsgrense og anna offentlege skilt langs kommunal veg.

Fysiske tiltak

Gjennomføre fysiske tiltak basert på innmeldte behov.
Ved oppgraderingar, utbyggingar og andre større infrastrukturarbeid skal universell utforming og dei mjuke trafikantane sine premiss vere styrande for utforming, struktur og arealprioritering.
Sikre tilkomst til haldeplass for buss.
Fokus på vegetasjonsrydding for å sikre tilstrekkeleg sikt i kommunale vegkryss.
Det skal vere fokus på trafikktryggleik i samband med vegvedlikehald i kommunen.
Sikre ljossjetjing langs vegar der mjuke trafikantar kan ferdast.
Oppgradering av riks- og fylkesvegane (fv550 og fv49) til å få gul stripe.
Ras- og flaumsikring langs vegane.



Figur 24: Sikring av fjell på rv.13 ved Skarvabjörgstunnelen.

9 Trafikktryggingstiltak

Åtferd- og haldningstiltak har til hensikt å redusere ulukkesrisikoen blant trafikantar gjennom bl.a informasjon, kampanjar, opplæring og kontrollfunksjonar. Hensikten med denne forma for tiltak er å endre åtferd og haldingar slik at trafikantar held seg til loven, køyrer trygt og bidreg til auka bevisstheit knytt til trafikktryggleik.

Fysiske trafikktryggleikstiltak kan delast inn i to underkategoriar; proaktive tiltak og reaktive tiltak. Fysiske tiltak som er proaktive har til hensikt å syte for at ei uønskt hending ikkje utviklar seg vidare til å bli ei ulukke. Eksemplar på dette kan vere; førarstøttesystem, skilting, forsterka vegoppmerking, refleks og vegljøs. Reaktive tiltak har til hensikt å redusere skadeomfanget når den uønskte hendinga har hendt. Eksemplar på dette er: kollisjonsputer, bilbelte, vegrekkverk og sikring av sideterreng. Skilnad mellom proaktive og reaktiv tiltak er viktig å vere bevist på med tanke på val av sikringstiltak knytt opp mot ynskja effekt og ulukkestype.

9.1 Åtferd og haldningstiltak

Under er ein oversikt over åtferd og haldningstiltak Ullensvang kommune skal arbeide aktivt med i komande periode.

Åtferd og haldningstiltak	Beskriving
Trafikksikker kommune	Trafikksikker kommune byggjer på ei godkjenningsordning frå Trygg Trafikk. At ein vert godkjend, betyr ikkje at det ikkje lenger vil skje trafikkulukker, men godkjenninga er eit kvalitetsstempel for godt, målbevisst og samordna arbeid med trafikktryggleik.
Hjartesone ved alle barneskular	Etablere Hjartesone ved alle barneskular i Ullensvang. Hjartesone har til hensikt å redusere foreldrekøyring og få fleire barn til å gå og sykle til skulen.
Opplæring i skule og barnehage	Ullensvang kommune skal leggje til rette for at skular og barnehagar leggje til rette for trafikkopplæring kunnskap om trafikkreglar og praktisk kompetanse til å ferdast trygt som fotgjengarar og syklistar i sine nærmiljø i tråd med læreplanverket.
Trafikalt grunnkurs i 10. klasse	Leggje til rette for at flest mogleg kan gjennomføre trafikalt grunnkurs i 10. klasse på ungdomsskular.
Oppfriskingskurs for bilførarar over 65 år	Kommunen skal informere om Statens vegvesen sitt tilbod om oppfriskingskurs for bilførarar over 65 år .
Retningslinjer for kommunalt tilsette	Utarbeide interne retningslinjer for trafikksikker åtferd og haldningar blant kommunalt tilsette og bruk av tenestebil.

9.2 Universell utforming

Universell utforming handle om å forme dei fysiske omgjevnadene med god kvalitet slit at dei kan nyttast av alle menneske. Trinnfri adkomst, ledelinjer, tydeleg informasjon og gangveggar utan hindringar er sentrale element for at vegsystemet skal vere tilgjengeleg for alle. Statens vegvesen har utarbeid ein eigen rettleiar, handbok V129 «Universell utforming». Rettleiaren viser døme på korleis ein kan ivareta omsyn til ulike brukargrupper i trafikksystemet gjennom bruk av prinsippa for universell utforming ved planlegging, bygging og drift av vegnettet.

[Byggteknisk forskrift \(TEK17\)](#) trekker opp grensa for minimumskrav av eigenskapar knytt til kva byggverk må ha for å kunne vert oppført lovleg i Noreg. TEK17 gir også krav om universell utforming ved blant anna tilkomst til uteareal, trapp, rampe, utforming av rekkverk, med meir.

Ullensvang kommune skal i det vidare arbeidet knytt til oppgradering, utbygging og andre større infrastrukturarbeid på og langs veg, syte for at universell utforming og dei mjuke trafikantane sine premiss skal ligge til grunn for utforming, struktur og arealprioritering.

Råd for personar med nedsett funksjonsevne (RPNF) i Ullensvang kommune skal orienterast og gjevast moglegheit for uttale i dei saker kor det ikkje er mogleg å gjennomføre fysiske trafikktryggleikstiltak i høve handbok V129 universell utforming og/eller TEK17.



Figur 25: Handbok V129 Universell utforming. Bilde henta frå: Vegvesen.no



Figur 26: Illustrasjon. Foto: Knut Opeide. Henta frå: [Statens vegvesen handbok V129](#).

9.3 Fartsgrensekriterier

Fartsgrense vert fastsett i høve *NA-rundskriv 2021/01 fartsgrensekriterier*. Tabellen under gir ein oversikt over fartsgrense på ulike vegtypar med og utan langsgåande skilje mellom bilar og gåande og syklende.

Tabell 2: Oversikt over fartsgrense på ulike vegar.

NA-rundskriv 2021/01 fartsgrensekriterier Anbefalte kriterier henta frå tabell 1.1, 1.2 og 1.3.		Langsgåande skilje mellom bilar og gåande/syklende								
		Vegar/gater utan tilrettelegging for gåande og syklende			Vegar/gater med fortau			Vegar/gater med eigen gang- og sykkelveg		
		Adkomstveg/ gate	Samleveg/ gate	Hovudveg i tettbygde strøk og byer	Adkomstveg/ gate	Samleveg/ gate	Hovudveg i tettbygde strøk og byer	Adkomstveg/ gate	Samleveg/ gate	Hovudveg i tettbygde strøk og byer
Busetnad og arealbruk	Bustad –og/eller forretningsområde	30 km/t	30 km/t	30/40 km/t	30 km/t	40 km/t	40/50 km/t	40 km/t	40/50 km/t	60/70/80 km/t Sjå kap 3 i NA- rundskriv
	Sentrumsområde	30 km/t	-	-	30/40 km/t	40/50 km/t	40/50 km/t	50 km/t	40/50 km/t	60/70/80 km/t Sjå kap 3 i NA- rundskriv
	Industri- og næringsområde	40/50 km/t	40/50 km/t	40/50 km/t	50 km/t	50 km/t	Sjå kap 3. i NA-rundskriv	50 km/t	60/70/80 km/t Sjå kap 3 i NA- rundskriv	60/70/80 km/t Sjå kap 3 i NA- rundskriv
Særskilte anlegg langs vegen	Idrettsanlegg og haldeplass for kollektivtrafikk	30/40 km/t	40 km/t	30/40/50 km/t	40 km/t	40/50 km/t	50 km/t	50 km/t	50 km/t	60/70/80 km/t Sjå kap 3 i NA- rundskriv
	Skule og eventuelt barnehagar	30 km/t	30 km/t	30/40 km/t	30 km/t	30/40 km/t	40 km/t	30/40 km/t	30/40 km/t	60/70/80 km/t Sjå kap 3 i rundskriv
	Parkanlegg/ leikeplassar	30/40 km/t	40/50 km/t	50 km/t	40 km/t	40/50 km/t	50 km/t	40 km/t	50 km/t	60/70/80 km/t Sjå kap 3 i NA- rundskriv

Vedtaksmyndigheit for fartsgrenser følgjer av skiltforskrift § 26, punkt 1.

I høve skiltforskrifta §26 kan det for bestemt vegstrekning eller sone fattast vedtak om lågare fartsgrense enn det som følgje av vegtrafikklova § 6 andre ledd. Slikt vedtak fattast for riksveg, fylkesveg og privatveg av Statens vegvesen. Kommunen fattar vedtak for kommunale vegar. Dersom ei sone også omfattar anna veg enn kommunal veg, er det Statens vegvesen som fattar vedtak. Før vedtak skal politiet få uttala seg. Før Statens vegvesen kan fatte vedtak skal fylkeskommunen og kommunen få uttala seg.

Skiltmyndigheit vurderer fartsgrensa opp mot fartsgrensekriterier og gjennomfører eventuelle fartsmålingar. Basert på ei samla vurdering vil skiltmyndigheit vurdere om det er grunnlag for å gå vidare med ei fartsgrenseendring eller om søknad vert avslått. Dersom det er grunnlag for endring av fartsgrense, skal politiet og kommunen kunne uttale seg før det vert fatta eit endeleg vedtak. Etter at skiltvedtak er fatta, kan fartsgrenseskilt monterast og verte avdekt.

9.4 Trafikkopplæring i skule og barnehage

For grunnskulen trinn 1-9 og gjennomgåande fag i vidaregåande opplæring vg1 et det utarbeidd ny læreplan frå 2020. I overordna del av læreplanverket står det at;

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Skulen har eit ansvar å følgje opp læreplanverket og syte for at elevar får opplæring i haldningar, åtferd og sikker ferdsel i trafikken med utgangspunkt i menneskets verdi. Trygg Trafikk har samla informasjon og utvikla støtteressursar for trafikkopplæring på alle trinn forankra i læreplanane og kunnskap om trafikk. Sjå link for meir informasjon: [Tryggtrafikk.no/skule](https://tryggtrafikk.no/skule) og [Tryggtrafikk.no/barnehage](https://tryggtrafikk.no/barnehage)

9.5 Fysiske trafikktryggingstiltak

Handlingsplan

I det følgjande er prioriterte fysiske trafikktryggleikstiltak Ullensvang kommune skal arbeide for å gjennomføre i perioden 2022-2033. Det vil i første fire års periode vere fokus på å gjennomføre tiltak med prioritet høg og middels i handlingsplanen. Tiltak som ikkje vart utført i førre trafikktryggleiksplan er vidareført og prioritert opp mot nye innmeldte tiltak.

Evaluering og prioritering

Det skal gjennomførast ein årleg evaluering av status for åtferd og haldningstiltak, organisatoriske tiltak samt fysiske tiltak i forkant av budsjett og søknadsfrist for tilskotsmidlar knytt til trafikktryggleik. Relevant politisk utval skal orienterast om status for gjennomføring av tiltaka eller behov for auka budsjett for å kunne gjennomføre tiltak.

Hovudformålet med evaluering er å halde oppe fokus på trafikktryggleiksarbeidet i kommunen med årleg gjennomgang. Det skal i evalueringa kome fram om kommunen oppnår dei resultat og mål som kommunen har vedteken, og i kva grad trafikktryggleiksplanen vert følgt opp i utbetningsarbeid og drift og vedlikehald. Følgjande skal omtalast ved evaluering:

- Status for måloppnåing.
- Kartlegging av ulukker frå førre år.
- Status for opplæring i skule
 - Oversikt tilbakemelding frå skule/barnehage om trafikkopplæring.
 - Endringar som bør følgjast opp og gjennomførast.

I vedlagt evalueringsskjema skal det beskrivast kva slags tiltak som er utført, år for ferdigstilling og kostnad.

Det skal vere ein årleg prioritering av nye tiltak i høve tiltaksdelen i trafikktryggleiksplanen. Dette skal skje i samband med arbeidet med årleg økonomiplan og budsjettvedtak, koordinert opp mot søknadsfristen for trafikktryggleiksmidlar. Følgjande skal omtalast ved prioritering:

- Økonomi.
- Prioritering og gjennomføring av:
 - Tiltak på Europa- og riksveg
 - Tiltak på fylkesveg
 - Tiltak på kommunale vegar
 - Ny prioritering av tiltak som ikkje er gjennomført
 - Vurdere nye innspel til trafikktryggleikstiltak
- Tilbakemelding frå alle vegeigarane, politiet, nye tiltak, erfaring frå tiltak som er utført.

Økonomi

Trafikktryggleikstiltak i denne planen skal innarbeidast i økonomiplanen. Tiltak som går over fleire år, samt tiltak med oppstart i handlingsplanperioden prioriterast i budsjettet kvart år frå 2022 til og med 2033.

Fysiske tiltak

Det er mål om at alle tiltak skal bli gjennomført i planperioden, men dei tiltaka som er prioritert høgt eller middels er dei tiltaka som det er fokus på å starte på fyrste del av planperioden.

Høg prioritet	Middels prioritet	Mindre prioritet
---------------	-------------------	------------------

Trafikktryggleikstiltak i denne planen skal innarbeidast i økonomiplanen. Det skal vere ein årleg rullering av tiltaksdelen i trafikktryggleiksplanen. Dette skal skje i samband med arbeidet med årleg økonomiplan og budsjettvedtak, koordinert opp mot søknadsfristen for trafikktryggleiksmidlar frå bl.a Vestland fylkeskommune.

Strakstiltak <300 000 kr.

Strakstiltak er tiltak som kan gjennomførast på eigen veggrunn og innan eigedomsgrensa til vegen. Den enkelte vegeigar kan vurdere, handsame og fatte vedtak knytt til etablering og gjennomføring av tiltaka. Det vil ofte vere økonomiske kostnader lågare enn 300 000 kr ved gjennomføring av tiltaka.

Langsiktige tiltak >300 000 kr.

Langsiktige tiltak krev bl.a utarbeiding av reguleringsplanar, prosjektering, grunnavståing og/eller krevje større økonomiske midlar til gjennomføring. Det vil seie at sjølv om tiltaket er høgt prioritert kan det ta tid før tiltaket kan bli realisert. Langsiktige tiltak er vurdert til å gjelde tiltak som har kostnader over 300 000 kr.

Tiltaka er fordelt på kommunal, fylkes- og riksveg og er sortert på følgjande tiltakskategori.

Tiltakskategori	Beskriving
Fortau/gang- og sykkelveg	Gjeld tiltak retta mot mjuke trafikantar for å betre trafikktryggleik og framkomst.
Trafikkregulering	Gjeld skilting som blant anna; fartsgrense, parkering forbod, innkøyring forbod og fysiske fartsreducerande tiltak.
Kryssingspunkt/gangfelt	Tiltak som gjeld kryssing av veg i form av anten tilrettelagt kryssingspunkt eller etablering av gangfelt.
Vegljos	Etablering og oppgradering av vegljøs langs køyreveg og gangvegar og eksisterande kryssingspunkt/gangfelt.
Vegutbetring	Tiltak knytt til oppgradering av eksisterande veg. Gjeld også blant anna etablering av møteplassar, tiltak i vegkurve.
Veg- og brurekkverk	Tiltak knytt til oppgradering og/eller etablering av nytt veg- og brurekkverk.
Siktutbetring	Utbetring av sikt i vegkurvar, kryss og avkøyrslar.
Naturfare	Tiltak knytt til skred, flaum og liknande naturfarar.
Anna	Tiltak som ikkje fell inn under kategoriane ovanfor.

9.5.1 Kommunalveg - strakstiltak

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Stad	Skildring
1	Anna		Kommunal veg Strondsvegen	Grind på kommunal veg, UU.
6	Trafikk-regulering		Kommunal veg Hordatunvegen	Høg fart på strekningen. Tydelegare fartsgrenseskilt og lågare fartsgrense.
7	Veg- og brurekkverk		Kommunal veg Hordatunbrua	Oppgradering av brurekkverk på Hordatunbrua.
8	Trafikkregulering		Kommunal veg Kyrkjevegen	Skilte 30 km/t i Røldal sentrum, Etablere fartshumper etter avkøyring frå E134 og ved Røldal Kyrkje. Etablere fartshumper på Bygdavegen ved avkøyring til Kyrkjevegen og ved Aldersheim.
8	Fortau/gang- og sykkelveg		Kommunal veg Kyrkjevegen	Etablere gang- og sykkelveg.
11	Siktutbetring		Kommunal veg Skjeggedalsvegen	Vegetasjonsrydding.
12	Trafikkregulering, Siktutbetring		Kommunal veg Skjeggedalsvegen	Uoversiktleg kurve, behov for siktutbetring, rumlefeldt, redusert fartsgrense.
13	Siktutbetring		Kommunal veg Hjøllo	Farleg kryss vanskeleg å sjå med traktor med laster mm. Siktrydding og levegg må vekk
15	Trafikkregulering		Kommunal veg Skjeggedalsvegen	Etablere fartshump.
18	Trafikkregulering		Kommunal veg Reisetvegen	Etablere fartshumper.
19	Veg- og brurekkverk, Naturfare		Kommunal veg Buervegen	Sikring autovern stor turisttrafikk. Skredfare sommar og vinter
20	Kryssingspunkt/ gangfelt		Kommunal veg Eidesåsen	Manglar oppmerking av fleire gangfelt på strekninga, utbetre asfalt og kantstein.
21	Fortau/gang- og sykkelveg		Kommunal veg Eidesåsen	Etablere fortau frå vanntanken til dei siste husa
22	Trafikkregulering		Kommunal veg Eidesåsen	Etablere fartshump.
23	Fortau/gang- og sykkelveg		Kommunal veg Tjoadalen	Etablere kantstein mellom fortau og vegbane.
24	Trafikkregulering		Kommunal veg Tyssedalsvegen	Farleg strekning for mjuke trafikantar, bør stengast for motorferdsel og vere berre for gåande og syklende
25	Trafikkregulering	Utført	Kommunal veg Eitrheimsvegen	Skilte gjennomkøyring forbode
27	Fortau/gang- og sykkelveg		Kommunal veg Jordalsvegen	Etablere fortau langs sørsida av Jordalsvegen frå Åstød mot Hovden/Odda stadion

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Stad	Skildring
28	Kryssingspunkt/ gangfelt		Kommunal veg Jondalsvegen v/camping	Etablere gangfelt og gjere området meir oversiktleg – siktrydding.
33	Anna		Kommunal veg Seimsvegen-Runnane, Røldal skule	Manglar eigen oppstilling for skulebuss ved Røldal skule. Det burde vore lagt til rette med avmerka område og skilt for at bussen skal kunne stoppe utanfor vegen da det er mykje myke trafikantar i området
34	Siktutbetring		Kommunal veg Eidesmoen	Mykje høge hekkar som reduserer sikt ved kryss, spesielt i området rundt Odda ungdomsskule
38	Trafikkregulering		Kommunal veg Håra	Oppgradering av skilting og vegoppmerking
39	Trafikkregulering		Kommunal veg Håra	Etablere fartshump
40	Trafikkregulering		Kommunal veg Langåkervegen	Oppmerke 10 parkeringsfelt med skilting: Kvardagar kl 7-16: maks 15 min.
41	Kryssingspunkt/ gangfelt		Kommunal veg Langåkervegen	Manglande oppmerking av gangfelt
42	Kryssingspunkt/ gangfelt		Kommunal veg Skjeggedalsvegen	Manglande oppmerking av gangfelt, etablere fartshump
43	Kryssingspunkt/ gangfelt		Kommunal veg Skjeggedalsvegen	Vurdere kryssingspunkt til/frå trapp.
44	Trafikk- regulering, Kryssingspunkt/ gangfelt		Kommunal veg Skjeggedalsvegen	Etablere gangfelt frå Skogly. Etablere fartsdreduserende tiltak og fleire 30 km/t sone skilt
45	Trafikk- regulering, Fortau/gang- og sykkelveg		Kommunal veg Skjeggedalsvegen	Etablere fortau, markere eksisterande fartshumpar og etablere tre nye fartshumpar.
46	Trafikk- regulering,		Kommunal Skjeggedalsvegen	Skilte parkeringsforbod.
47	Trafikk- regulering,		Kommunal veg Mjøstølvegen	Skilte parkeringsforbod
49	Kryssingspunkt/ gangfelt		Kommunal veg Skjeggedalsvegen	Vurdere kryssingspunkt ved snarveg
50	Anna		Kommunal veg - sti ved Skjeggedalsvegen	Utbetring og vedlikehald av gangsti, nytt gjerde.
51	Trafikkregulering		Kommunal veg Skjeggedalsvegen	Fleire 30 km/t sone skilt og fleire fartshumpar på heile strekningen
54	Trafikkregulering		Kommunal veg Kleivavegen	Skilte parkering forbod, etablere gangfelt
55	Siktutbetring		Kommunal veg Litlajuvvegen	Siktutbetring.

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Stad	Skildring
59	Trafikkregulering		Kommunal veg Tjøreskarvvegen	Bør berre nyttast til naudsynt trafikk, spesielt om vinteren med snø.
65	Siktutbetring		Kommunal veg Tjødnahaugane	Utbetre sikt i kryss i området
66	Trafikk-regulering		Kommunal veg Jordalsvegen	Betre skilting av fartsgrense 30 km/t, fleire fartskontrollar, oppgradering av skilt og betre skilting av vegkryss
72	Vegljos		Kommunal veg Odlandsvegen	Etablere gateljøs
74	Trafikkregulering		Kommunal veg Runnane	Skilte 30 km/t sone tidlegare og nærare Shell
75	Naturfare		Kommunal veg Odlandsvegen	Rassikring på Odlandsvegen til Bratteteig
76	Siktutbetring		Kommunal veg Odlandsvegen, Tveitlia	Utbetre sikt i avkøyrslar
81	Trafikkregulering		Kommunal veg Brekke	Skilte til parkeringsplass
82	Siktutbetring		Kommunal veg Grytingsvegen - Sjursledvegen	Siktutbetring ved avkøyrslar
84	Kryssingspunkt/ gangfelt		Kommunal veg Eidesmoen/Tjoadalen	Vurdere kryssingspunkt
85	Siktutbetring		Kommunal veg Berjaflotvegen	Siktrydding i vegkryss.
86	Trafikkregulering		Kommunal veg Eitrheim	Etablere fartshumpar
88	Kryssingspunkt/ gangfelt		Kommunal veg Vikvegen	Vurdere kryssingspunkt
97	Vegljos		Privat gangsti, Lofthus	Etablere ljøs på gangsti
104	Siktutbetring, Veg- og brurekkverk		Kommunal veg Erresflotvegen	Behov for sikt utbetring i kryss og avkøyrslar. Få held fartsgrense 30 km/t. Behov for rekkverk.
107	Trafikk-regulering		Kommunal veg Hauso skule	Oppmerking av parkeringsplass.
108	Kryssingspunkt/ Gangfelt		Kommunal veg Eidesmoen	Vurdere kryssingspunkt
109	Kryssingspunkt/ Gangfelt		Kommunal veg Eidesmoen	Vurdere kryssingspunkt
110	Kryssingspunkt/ Gangfelt		Kommunal veg Jordalsvegen	Vurdere kryssingspunkt. Etablere fortau frå Rabben mot Jordalsvegen.
111	Trafikkregulering		Kommunal veg Skjeggedalsvegen	Etablere fartshump
112	Trafikkregulering		Kommunal veg Sandvikvegen	Etablere fartshump og skilt
113	Trafikkregulering		Kommunal veg Sandvikvegen	Etablere fartshump og skilt
114	Kryssingspunkt/ gangfelt		Kommunal veg Tjoadalen	Manglar skilting og oppmerking av gangfelt.

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Stad	Skildring
117	Veg- og brurekkverk		Kommunal veg Løbakkvegen, Utne	Kantsikring av nedste delen av Løbakkevegen
121	Vegljos		Kommunal veg Aga	Vegljos på kommunal veg ved undergang på Aga
122	Veg- og brurekkverk		Kommunal veg Rogdavegen	Rekkverk på kanten i øvste sving
124	Veg- og brurekkverk		Kommunal veg Nykkjesøyvegen, Kinso	Rekkverk langs Kinso på Nykkjesøyvegen, bratt ned i elva
128	Anna		Kommunal snarveg, Kvernabrekka	Oppgrader snarveg/gangveg sving Fv 5102
130	Veg- og brurekkverk		Kommunal veg Hordatunvegen	Bratt kant på utsida av Hordatunvegen nederste del, rekkverk ca 60m.
133	Veg- og brurekkverk		Kommunal veg Brattespevegen	Rekkverk, høg kant ved bekken ca. 40 meter.
138	Trafikkregulering		Kommunal veg Folgefonnvegen	Behov for skiltplan på den delen av Fonnavegen som er bomveg. Fjellveg med mykje turistar.
140	Veg- og brurekkverk		Kommunal veg Mælsvegen	Bratt utfor i fyrste sving etter fylkesvegen, etablere vegrekkverk.
144	Trafikkregulering		Kommunal veg Løyningsvegen	Redusere fartsgrensee til 30/40 km/t
145	Trafikkregulering		Kommunal veg Reinsnosvegen	Redusere fartsgrense på Reinsnosvegen frå Tveit til Reinsnos til 50 km/t
163	Trafikkregulering, siktutbetring		Bustetungata	Trafikksikker for mjuke trafikantar; siktsoner; passe på at bilar ikkje kan parkere i vegen; skuleveg for mange born.



Figur 27: Varslingsskilt rasfare fv.49. Foto: Hardanger Folkeblad.



Figur 28: Ras på kommunalveg i Buerdalen. Foto: Einar Riise.

9.5.2 Kommunal veg - langsiktig tiltak

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Stad	Skildring
26	Fortau/gang- og sykkelveg, Veg- og brurekkverk		Kommunal veg Jordalsvegen	Etablere fysisk skilje mellom mjuke trafikantar og køyrande
48	Fortau/gang- og sykkelveg		Kommunal veg Skjeggedalsvegen	Etablere fortau eller oppmerke eigen gangveg.
57	Fortau/gang- og sykkelveg		Fv5090 / Kommunal veg Håbruvegen	Etablere fortau, reasfaltering
58	Fortau/gang- og sykkelveg	♥	Kommunale veg – rundt Skare skule	Etablere fortau i området framfor skulen.
87	Fortau/gang- og sykkelveg		Kommunal veg Eitrheimsvegen	Dårleg trafikkssikkerheit, mykje tunge køyretøy kor barn ferdast. Etablere fortau/gang- og sykkelveg.
106	Fortau/gang- og sykkelveg		Kommunal veg Gamlevegen/Årekolvegen	Etablere gang og sykkelveg
107	Vegljos	♥	Kommunal veg Hauso skule	Vegljos rundt skulen
118	Veg- og brurekkverk, Vegutbetring		Kommunal veg Tronesvegen	Kantsikring nedste delen av Tronesvegen. Kantsikring nedste delen av Tronesvegen. Kryssutbetring for å hindre at køyrande skli ut i fylkesvegen.
119	Vegljos		Kommunal veg Gamlevegen	Hauso til Velure lite vegljjos langs Gamlevegen
120	Vegutbetring		Kommunal veg Gamlevegen, Jåstad	Behov for kryssutbetring. Bilar på glatt føre har sklidd ut i hovudvegen utan kontroll
123	Vegljos	♥	Kommunal veg Sandvikvegen	Manglar vegljjos ved svingen bak Esso
125	Fortau/gang- og sykkelveg	♥	Kommunal veg Sandvikvegen	Fortau bakre del av parkeringsplass ved Heradshuset, skuleveg
127	Anna		Sentrumsplan Kinsarvik	I samband med utarbeiding av sentrumsplan for Kinsarvik - Fortau og fartshumpar for å seinka farten på Rv13 - Gangveg mellom Kalhagen og Husevegen - Ny skule-/gangveg over elva frå skule til Husemoen
132	Vegljos		Kommunal veg Frøynevegen, Lofthus	Vegljos
134	Vegljos		Kommunal veg Gamle Oddaveg, Tyssedal	Vegljos, må i tilfelle vere eit spleiselag med TTI.
135	Fortau/gang- og sykkelveg		Kommunal veg Naustbakken	Etablere fortau
136	Fortau/gang- og sykkelveg		Kommunal veg Freimsvegen	Opprusta gangveg frå Freimsvegen til Skogen

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Stad	Skildring
142	Anna		Kommunal veg Husemoen	Gjennomføra oppstramming av Husemoen rasteplass/ innfallsport til Hardangervidda for å unngå villparkering som hindrar sikt
143	Vegutbetring		Kommunal veg Molvevegen, Nedre Krossdalen	Utbetre kryss slik at det kjem vinkelrett på fylkesvegen
152	Vegljos		Gamlevegen på Aga	Vegljos frå krysset ved Rogdaveien til utforbi undergangen



Figur 29: Ras på fv.49 mellom Austrepollen og Nordrepollen. Foto: Hardanger Folkeblad.

9.5.3 Fylkesveg – strakstiltak

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Stad	Skildring
4	Anna		Fv550 - Fjordavegen, Bleie	Etablere busslomme
10	Trafikk-regulering		Fv49 - Eitrheimsvegen	Redusere fartsgrense til 30 km/t, etablere fleire gangfelt, skilte "born", tydeliggjere avkøyrslar med skilt og fleire kontrollar på strekninga. Smalt parti ved hus nr. 129 bør utbetrast.
16	Trafikk-regulering		Fv49 - Eitrheimsvegen	Redusere fartsgrense
17	Trafikk-regulering		Fv49 - Belsnesvegen	Redusere fartsgrense og etablere fartshumpar inntil det kjem gang- og sykkelveg.

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Stad	Skildring
52	Kryssingspunkt/ gangfelt		Fv49 - Eitrheimsvegen	Vurdere kryssingspunkt
53	Trafikk- regulering		Fv49 - Eitrheimsvegen	Redusere fartsgrense til 40 km/t
60	Veg- og brurekkverk		Fv5090 Håbruvegen - gangbru	Oppgradere rekkverk på gangbru
61	Veg- og brurekkverk		Fv5090 Håbruvegen	Oppgradere vegrekkverk
63	Trafikk- regulering		Fv5090 Håbruvegen	Endre frå vikeplikt til stoppskilt.
64	Trafikk- regulering		Fv550 - Fjordavegen	Redusere fartsgrense til 60 km/t
77	Trafikk- regulering		Fv5098 Folgefonnvegen	Skilte farleg kryss og barn leikar
78	Trafikk- regulering		Fv5098 Folgefonnvegen	Trafikkfarleg parkering av bilar. Parkeringsforbod eller gjere fysiske tiltak
79	Trafikk- regulering		Fv5098 Folgefonnvegen	Manglar skilting oppmerking av gangveg
80	Trafikk- regulering		Fv5098 Folgefonnvegen	Skilte farleg vegkryss ev. skilt som viser til gardsbruk
83	Trafikk- regulering		Fv5094 Hellelandsvegen	Redusere fartsgrense til 30 km/t
89	Veg- og brurekkverk		Fv550 Jonavegen	Oppgradere rekkverk og gjere dei høgare og tryggare for fotgjengarar
90	Kryssingspunkt/ gangfelt		Fv550 Jonavegen	Vurdere kryssingspunkt på fleire plassar
93	Vegljos		Fv550 Solesnesvegen	Oppgradere eksisternde ljøs og etabler nye ljøs kor dette mangler.
93	Veg- og brurekkverk		Fv550 Solesnesvegen	Oppgradering av rekkverk og smale parti på køyrevegen.
94	Trafikk- regulering		Fv550 Jonatunnelen	Etablere "sykkel i tunnel" knapp i begge endar i Jonatunnelen
98	Trafikk- regulering		Fv550 Jonavegen	Etablere fartsdempande tiltak
99	Veg- og brurekkverk		Fv550 Jonavegen	Låg murkant ved stup, smal køyrebane
100	Kryssingspunkt/ gangfelt		Fv550 Belsnesvegen	Kryssande skulebarn, vurdere kryssingspunkt
100	Siktutbetring		Fv550 Belsnesvegen	Siktutbetring
105	Trafikk- Regulering, Kryssingspunkt/ gangfelt		Fv550 Fjordavegen	Vurdere kryssingspunkt, skilte skuleveg
115	Kryssingspunkt/ gangfelt		Fv550 Eitrheimsvegen	Fjerne gangfelt ved tunnelmunning og erstatta med gangfelt ved kryss gamle og nye Eitrheimsvegen.
126	Fortau/gang- og sykkelveg		Fv5102 Husevegen	Nytt fortau nederste del av FV 5102, ca 80m, skuleveg

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Stad	Skildring
129	Veg- og brurekkverk		Fv5094 Hellelandsvegen	Gangveg som endar rett ut i FV på baksida av Opedal skule, burde vore sett opp rekkverk
148	Kryssingspunkt/gangfelt		Kinsarvik	Kryssingspunkt mellom Husevegen og brua

9.5.4 Fylkesveg - langsiktig tiltak

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Stad	Skildring
16	Fortau/gang- og sykkelveg Kryssingspunkt/gangfelt		Fv49 – Eitrheimsvegen	Etablere fortau og gangfelt.
91	Vegutbetring		Fv49 Eitrheimsvegen	Utvide bru
100	Vegljos		Fv550 Belsnesvegen	Vegljos
101	Vegutbetring		Fv550 Belsnesvegen	Fleire smale parti på strekninga
137	Trafikk-regulering		Fv5098 Folgefonnvegen	Forkjørsregulere Folgefonnvegen
139	Fortau/gang- og sykkelveg		Fv5098 Folgefonnvegen	Fortau frå Guntveit til omsorgsbustadene i Brekke.
141	Fortau/gang- og sykkelveg		Fv.550 Fjordavegen, Nordnes	Etablere gangveg mellom Nordnes og Nordnes Nord
149	Fortau/gang- og sykkelveg		Huse	Fortau på både sidene på den nedste delen av Husevegen
150	Kryssingspunkt/gangfelt		Hauso	Fotgjengarovergang/kryssingspunkt i krysset ved Hauso skule (hovudvegen)
151	Anna		Fv.550, Kvitno bru	Må innarbeidast trafikktrygg.tiltak ved startpunktet for turstien til Raunsdalen ved Kvitno bru langs fv. 550
161	Vegljos, anna		Ytre Bleie	Busskur og vegljøs på Fjordavegen ved ytre Bleie

9.5.5 Riks- og europaveg – strakstiltak

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Stad	Skildring
9	Vegljos, Trafikk-regulering		Rv13 - Rødalsvegen, Brucehagen og Monso	Høg fart og køyrande er ikkje oppmerksom på gangfelt. Etablere rumlefeld, vegljøs ved gangfelt
29	Anna		Rv13 - Ullensvangvegen, Espe	Busstopp på Espe er for dårleg tilrettelagt for skulebuss og vidare transport av skulebarna.
31	Vegutbetring		Rv13 - Rødalsvegen/ Opheimsgata	Rundkøyring ved Odda Rådhus er for dårleg tilrettelagt for store køyretøy, spesielt for trafikk som kjem frå sentrum og skal mot Eitheim.
32	Kryssingspunkt/ gangfelt		E134 - Haukelivegen, Bruleitet	Manglar gangfelt for å krysse over til busstopp på Bruleitet i retning vest mot Rødal.
36	Trafikk-regulering		E134 - Haukelivegen, Håra	Høg fart, behov for fotoboks
37	Kryssingspunkt/ gangfelt		E134 - Haukelivegen, Håra	Vurdere kryssingspunkt
56	Kryssingspunkt/ gangfelt		Rv13 Jøsendal	Vurdere kryssingspunkt
62	Trafikk-regulering		Rv13 Jøsendal	Redusere fartsgrense til 50 km/t, reasfaltering
67	Trafikk-regulering		E134 Haukelivegen, Rødal	Starte fartsgrense 60 km/t tidlegare mot Håra.
68	Kryssingspunkt/ gangfelt		E134 Haukelivegen, Hamre	Vert nytta for av/påstigning av skulebarn. Bør gjennomførast tiltak for å sikre kryssing av veg og venteområde for elevar.
69	Trafikk-regulering		E134 Rødal	Etablere ATK punkt på strekning med 50 km/t
70	Trafikk-regulering		E143 Håra	Etablere ATK punkt på strekning med fartsgrense 60 km/t
71	Kryssingspunkt/ gangfelt		E134 Hagen	Etablere gangfelt
73	Trafikk-regulering		E134 Haukelivegen	Skilte skuleveg - gjelder også på andre kommunae vegar
92	Trafikk-regulering		E134 – Haukelivegen – Håra	Skilte at gåande og syklande må bruke gamlevegen og ikkje nytte tunnelen.
95	Kryssingspunkt/ gangfelt		Rv13 - Ullensvangvegen	Gangfelt ved restauranten «Kompaen».
96	Anna		Rv13 Ullensvangvegen og Kinsarvikvegen	Etablere busskur
102	Kryssingspunkt/ Gangfelt, Trafikkregulering		E134 Haukelivegen	Merking og sikring av skuleveg langs E134, sikre gangfelt på strekninga, fartsreducerande tiltak langs E134

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Stad	Skildring
131	Kryssingspunkt/ gangfelt		Rv13 Ullensvangvegen, Lofthus	Gangfelt for kryssing av Rv 13 v/kyrkja på Lofthus
146	Trafikkregulering		Kinsarvik	50-sone ned til 30-sone
147	Kryssingspunkt / gangfelt		Kinsarvik	Kryssingspunkt mellom Hardangertun og Mikkelparken
155	Kryssingspunkt/ gangfelt, Trafikkregulering		Hjøllokrysset	Kryssing, forlenging av 30-sone, flytte kryssingspunkt
158	Fortau/ gang- og sykkelveg		Best bensinstasjon	Vegutbetring for gang- og sykkelfelt / fortau
159	Trafikkregulering		Hildal	80-sone ned til 60-sone

9.5.6 Riks- og europaveg - langsiktig tiltak

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Stad	Skildring
2	Fortau/gang- og sykkelveg		Rv13 - Røldalsvegen	Etablere fortau mellom hus nr.118 til nr.122
3	Fortau/gang- og sykkelveg		Rv13 - Røldalsvegen, Sandvin	Høg fart, behov for fortau/gang- og sykkelveg
5	Fortau/gang- og sykkelveg		E134 - Haukelivegen	Etablere gang- og sykkelveg med vegljos mellom Hagen - Dalen
14	Vegutbetring		Rv13 - Tyssedalsvegen	Farleg sving, som strakstiltak bør vegen rettast ut eller redusere fartsgrensa til 60 km/t. Det er regulert ny veg her.
30	Vegljos		Rv13 - Ullensvangvegen, Skarvabjørgtunnelen	Tunnelen er smal og manglar ljøs, som kan skapa trafikkfarlege situasjonar.
30	Naturfare		Rv13 - Ullensvangvegen, Skarvabjørgtunnelen	Steinsprang ved tunnelen.
35	Fortau/gang- og sykkelveg		E134 - Haukelivegen, Håra-Røldal	Etablere gang og sykkelveg
95	Trafikk- Regulering, Fortau/gang- og sykkelveg		Rv13 - Ullensvangvegen	Fysisk skille mellom biltrafikk og mjuke trafikantar, etablere miljøgate gjennom Lofthus sentrum, fartsgrense 40 km/t fartsdumpar.
102	Fortau/gang- og sykkelveg		E134 Haukelivegen	Etablere gang og sykkelveg frå Dalen til Bruleite.
103	Vegljos		Rv13 - Ullensvangvegen	Etablere vegljøs
116	Anna		Rv13 - Røldalsvegen	Rive løe som ligger tett opptil vegen. Påkøyringsfarleg.

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Stad	Skildring
153	Vegutbetring		Heile vegen	Prioritere gul midtstripa og framkomeleg for alle beredskapskøyretøy, utan ljosregulering og utan kolonnekøyering med leiebil sommarsdagen
154	Trafikkregulering, kryssingspunkt/gangfelt, anna		Skarsmoen	Busslomme, 40-sone og kryssingspunkt
155	Siktutbedring		Hjøllokrysset	Siktsone
156	Kryssingspunkt/gangfelt, vegutbetring, anna		Smelteverkskrysset	Trafikktrygging av trafikkert vegkryss
157	Trafikkregulering, kryssingspunkt/gangfelt, anna		Låtefoss	Trygging av gåande
160	Kryssingspunkt/gangfelt, trafikkregulering		Rv.13 ved avkøyering til Seksevegen	Gangfelt og 50-sone ved dette krysset


9.5.7 Sjøvstendig punkt, langsiktig og kortsiktig

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Stad	Skildring
162	Vegljos		Alle busstopp	Ljos på alle busstopp

9.6 Registrerte tiltak i Kvinnherad

Under er ein oversikt over registrerte trafikktryggingstiltak i Kvinnherad kommune, som kan vere av betydning for busette i Ullensvang kommune.

ID	Skildring
81	Fv.49 Austrepollen: Utviding av bru, manglar overgang Fv500/49 mot brua, samt skilt om gåande skulebarn.
181	Fv.500 Sunndalsvegen/Austrepollen: Høg fart – fartsdempande tiltak



Figur 30: Oversikt over registrerte tiltak i Kvinnherad kommune.

9.7 Kostnader av trafikksikringstiltak

I tabellen under er ein oversikt over estimerte kostnadar for ofte brukte trafikktryggleikstiltak.

Tiltak	Estimerte kostnader inkl. mva.
Fortau	Ca. 10 000 kr. pr. meter
Gang- og sykkelveg	Ca. 15 000 kr. pr. meter
Skilting	10 000 kr. pr. skiltpunkt
Fartsdempande tiltak	Ca. 50 000 - 250 000 kr.
Vegljos	Ca. 1 750 000 kr. pr. km vegljøs + driftsutgifter
Vegrekkverk	Ca. 2000 - 3500 kr. pr meter
Gangfelt	Ca. 100 000 – 200 000 kr. pr. gangfelt inkl. vegljøs
Planskilt kryssingsstad	Ca. 5 000 000 - 15 000 000 kr.
Signalregulert gangfelt	Ca. 1 000 000 – 1 500 000 kr. + driftsutgifter


9.8 Kart




Figur 31: Ullensvang vest.



Figur 32: Jondal.




Figur 33: Herand.




Figur 34: Utne.




Figur 35: Kinsarvik.



Figur 36: Kinsarvik.



Figur 37: Sørkjolen - nord.



Figur 38: Lofthus.




Figur 39: Aga.



Figur 40: Ytre Bleie.



Figur 41: Nordnes og Espe.



Figur 42: Nadlen.



Figur 43: Tyssedalén.




Figur 44: Eitrheim.



Figur 45: Tokheim og Byrkjenes.




Figur 46: Odda nord.




Figur 47: Odda midt.



Figur 48: Odda sør.



Figur 49: Sandvin.




Figur 50: Skare.




Figur 51: Håra.




Figur 52: Hamre.



Figur 53: Røldal.



Figur 54: Røldal.



Figur 55: Røldal.

[illegible]